



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Helen Haaland
Telefon: 57643080
E-post: fmsfheha@fylkesmannen.no

Vår dato
17.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2865 - 521
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyringsfråsegn til forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser brev frå LMD datert 09.07.2014 og kjem med følgjande høyringsfråsegn til forslag om ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot.

1. Oppsummering

Oppsummering av våre viktigaste synspunkt:

- Vi ser det som svært uheldig dersom eigarskapsavgrensinga vert tatt vekk som sjølvstendig vilkår for å ta i mot tilskot. Forvaltninga vil få mykje ekstraarbeid med å undersøke og dokumentere ulovleg driftssamarbeid når det ikkje er klare vilkår som utelukkar felles eigarinteresse. Formuleringa «ei samla vurdering skal leggjast til grunn» er ikkje noko forenkling, men eit betydeleg meirarbeid for forvaltninga.
- Kravet om tilknytning til landbrukseigedom bør oppretthaldast med omsyn til målsetjinga om levande landbruk over heile landet.
- Omgrepet «vanleg jordbruksproduksjon» må konkretiserast gjennom Jordbruksavtalen og denne konkretiseringa bør heimlast i forskrifta §2 på same måte som verkstgruppene.
- Økologisk produksjon– parallellproduksjon ved oppsplitting i fleire føretak er ei klar forvansking og lite ønskeleg
- Vi meiner at endringa av miljøkrava er for strenge. Dette bør ikkje vere grunnvilkår, men grunn til avkorting eller avslag. Forskrifta bør leggje opp til smidige løysingar som t.d. endringa ved ulovleg driftsfellesskap der det vert opna for å søkje samla.
- Det bør framleis vere opning for at refusjon ved avløyning kan utbetalast til og administrerast av avløysarlaga dersom søkjaren ber om det. Dette er ei forenkling for søkjar. Dersom faktura kan brukast som refusjonsgrunnlag, bør ein samstundes ta bort avgrensinga på at ektefelle/sambuar ikkje kan vere avløysar då dei kan gå rundt dette ved å opprette eit føretak. Dette vil i så fall bli ei forenkling.

I samband med endringane bør det sendast ut rettleiingshefte til alle søkjarar. Vår inntrykk er at informasjon som ligg på nett og som må aktivt hentast ut vert lese mindre enn det som vert sendt ut.

2. Grunnvilkår for tilskot

Krav om vanleg landbruksproduksjon

Fylkesmannen er positiv til at det vert arbeidd for å konkretisere kva som ligg i omgrepet «vanleg jordbruksproduksjon» og definere minimumsproduksjon. Dette bør gjerast gjennom

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Jordbruksavtalen slik det i 2014 vart gjort for ammeku og mjølkeku. Vi meiner det også må gjerast for t.d. mjølkeproduksjon, sauehald og for økologisk planteproduksjon. Når ein no reviderer forskrifta må ein om nødvendig ta inn ein heimel for at dette omgrepet kan definerast nærmare i jordbruksavtalen.

Oppheving av kravet om tilknytning til landbrukseigedom

Oppheving av kravet om tilknytning til landbrukseigedom meiner vi er uheldig og opnar for at husdyrproduksjon kan drivast på utskilt tomt i større grad enn no. Tilknytning til landbrukseigedom er eit viktig prinsipp og avgrensar kreative eigarstrukturar og medverkar til å oppretthalde eit landbruk over heile landet. Oppheving av kravet kan medføre eit meirarbeid for forvaltninga på område som ureining, dyrevelferd og driftssamarbeid.

Etter vårt syn er det betre å gje dispensasjonar t.d. for samdriftsfjøs på utskild tomt, enn å fjerne kravet for alle.

3. Driftsfellesskap

Felles eigarinteresser

Vi ser det som svært uheldig dersom eigarskapsavgrensinga vert tatt vekk som sjølvstendig vilkår for å ta i mot. Vi er samd i at det vil gjere tilskotsordninga meir fleksibel, men så lenge ei oppsplitting i fleire føretak kan gje meir tilskot vil det åleine vere ei motivasjonskjelde for oppsplitting. Dette vil også gjere forvaltninga sitt kontrollarbeid vanskelegare og auke kravet til dokumentasjon for å avdekke driftsfellesskap. Avskjeringsregelen vi har i dag lukar vekk mange former for driftsfellesskap som forvaltninga elles vil bruke mykje tid på å vurdere. På sikt kan denne endringa også føre til vesentlege endringar i eigarstrukturen.

Vi har 104 samdrifter i fylket og vi meiner det er lettare å gi dispensasjon til desse enn å setje i gang eit stort arbeid med å vurdere driftsfellesskap på føretak med felles eigar. Dispensasjonsmynde bør ligge på fylkesnivå for å få same praksis.

Ei slik endring vil eventuelt også opne for at tunge marknadsaktørar også kan eige primærproduksjonen. Ei slik vertikal integrering i verdikjeda meiner vi er uheldig. Dette kan medføre geografiske skilje der bønder med lang transportavstand til marknad og foredlingsanlegg vert taparar. Dette er ikkje i tråd med målet om landbruk over heile landet.

Konsekvensar av driftsfellesskap

Vi er positiv til forslaget om endringar kring konsekvensar av driftsfellesskap. At det kan verte mogleg å vurdere søknadane frå føretaka under eitt nå det er konstantert driftsfellesskap, i staden for å at ingen av føretaka får produksjonstilskot, vil gjere det lettare å ta tak i slike saker.

Økologisk produksjon – parallellproduksjon ved oppsplitting i fleire føretak

Dette er ein klar «forvansking» og ei opning for tett driftsfellesskap. For å komme rundt forbodet om parallellproduksjon vert det no opna for at søkjar kan ha to separate føretak som søker om areal- og husdyrtilskot der det eine vert drive økologisk og det andre konvensjonelt. Vi meiner dette er ei

kunstig oppsplitting av føretak som kun er motivert av å kome rundt reglane for økologisk produksjon. Så lenge to føretak vert drive av same person kan maskinpark, driftsmiddel, lagerrom og areal bli disponert felles for begge føretaka. Ei papirmessig oppsplitting i to føretak vil ikkje gje noko betre garanti mot samanblanding av produkt enn om dette vert drive i eit føretak. Etter vårt syn er det regelverket for økologisk drift som her må endrast.

«Driftsfellesskapsbestemmelsen»

Vurdering av driftsfellesskap er krevjande for forvaltninga, og med det nye forslaget til forskrift ser vi for oss at arbeidsmengda på dette området kan auke.

Fylkesmannen er samd i unntaket som er formulert i § 7, 4. ledd der driftsfellesskap er lovleg så lenge det ikkje gjev meirutbetaling av tilskot. Samstundes set dette store krav til at søkjarane til ei kvar tid veit kva som gjev ekstra tilskot og kva som er lovleg samarbeid. Endringar i Jordbruksavtalen kan kvart år flytte denne grensa.

4. Tilskotsordningane

Jordbruksareal

Det er forslag om at kravet om «slått og beiting» vert erstatta med krav om «aktiv drift», med tilhøyrande definisjon i høyringsnotatet. Slike klare definisjonar i jordbruksavtalen eller i tilhøyrande praktiseringsrundskriv, er naudsynte og vil bygge opp under vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon.

Miljøkrav

Vi er samd i endringa der miljøkrava no blir tatt inn i søknad om produksjonstilskot og knytt opp mot AK-tilskotet. Dette er samstundes ei vesentleg skjerping når miljøkravet vert eit sjølvstendig vilkår for å ta imot tilskot. Etter vårt syn bør miljøkrav ikkje vere ein grunnvilkår, men at tilskotet vert avkorta/avslått dersom vilkåret ikkje er oppfylt. Forskrifta bør leggje opp til ei smidig forvaltning som t.d. endringa ved ulovleg driftsfellesskap der det vert opna for å søkje samla.

Vi meiner at søkjar må dokumentere faktisk gjødsling gjennom ein gjødslingsjournal, og ikkje berre planlagt gjødsling gjennom gjødslingsplanen. Det er journalen som er fasiten på kva som vart gjort og som skal brukast for å evaluere og justere gjødslinga.

Kravet om vegetasjonsbelte mot vassdrag er eit nødvendig tiltak for å hindre ureining. Vi meiner dette er godt formulert og forstår det slik at eit varig grasdekke er eit eigna vegetasjonsbelte som kan haustast og skjøttast.

Endringa i miljøkrava oppfatar vi som ei forenkling. Vi føreset då at dette vert følgd opp gjennom KSL og at offentleg forvaltning får tilgang til nødvendig dokumentasjon.

Grønt- og potetproduksjon

Vi ser det som viktig at distriktstilskot til grønt- og potetproduksjon framleis er knytt opp mot levering til godkjent mottak. Vi ser at mange søkjarar har dårleg kontroll med kor store kvanta dei

har levert og at godkjende mottak er ein viktig kontroll på det faktiske kvanta. Dersom søkjarfritt skal føre opp sine leveransar vil det utløyse eit ekstra kontrollbehov frå kommunen som berre når ut til nokre få kvart år.

Tala frå godkjent mottak vert også brukt i erstatningsordningane for å finne fram til normalavling og årsavling hos søkjar. Vi ser at mange ikkje har gode nok rutinar for å dokumentere kva kvanta dei har levert slik at godkjent mottak lettar arbeidet og dokumentasjonskravet for søkjar.

Avløyasing ved ferie og fritid

Avløyisarlagar bør framleis kunne få utbetalt tilskot til feire og fritid når søkjaren ber om det, då dette alt i dag er ei enkel og lite byråkratisk ordning. Dersom denne valfridomen fell vekk vil søkjar oppleve dette som ei forvanskning. Forslaget om å flytte tilskot til inn i same forskrift som produksjonstilskot er ei forenkling sidan begge tilskota er forvaltningsmessig like. Avløyasing er svært godt dokumentert gjennom avløyisarlagar, og ei endring til eigendokumentasjon vil auke arbeidsmengda for kommunane. Det bør såleis framleis vere ope for at refusjon ved avløyasing kan administrerast av avløyisarlagar. Ei endring kan svekke avløyisarlagar si rolle med å sikre avløyasing ved sjukdom.

Vi ser at endringa opnar for at ektefelle/sambuar kan drive avløyasing ved å opprette sitt eige AS. Dette vil undergrave §6 punkt 2 i forskrifta som seier at ektefelle/sambuar ikkje kan vere avløyisar. Etter vårt syn må ein velje om forskrifta skal ha med dette punktet eller om det skal gjerast legalt at ektefelle/sambuar er avløyisar.

5. Andre endringar

Dei fleste søknader vert levert elektronisk via Altinn. Forslaget om at søknadsdato alltid er 20 dagar uansett virkedag eller ikkje, er ei grei forenkling. Trekket ved for seint levert søknad vert då i forhold til dagar totalt for seint levert søknad, og ikkje etter tal virkedagar.

6. Økonomiske og administrative konsekvensar

Dersom det vert gjort endringar kring driftsfellesskap, felles økonomisk interesser og eigarstruktur, vil dette gje forvaltinga nye utfordringar og krav til kunnskap for avdekke det som er ulovleg.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Helen Haaland
Fylkesagronom

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.